



Førsteklassa samla under den første timen

I dag har skulen starta att med 119 elevar og det er ikkje berre auken frå i fjor som det er grunn til å streka under. Faktisk har elevtalet auka med 25 på 2 år.

To av dei nye i år er italienarar som har flytta hit frå Sunde og då førsteklassingane møtte i dag vart det oppmoda om at Radon får den bistand han treng.

I fjor var det 23 førsteklassingar, medan det i år er 17 og her er dei: Tobias Hella Berge-Soldal, Anna Elisabeth Samland Eik, Oliver Enes, Anna Ullebust Feet, Jonas Klette Hansen, Anders Haugland, Fredrik Simensen Haugland, Pål Ingmar Haugland, William Hjørnevåg, Johannes Legland, Radon Musliu, Ruth Maria Myklebust, Ine Viktoria Naasen, Patrick Steinsletten, Sivert Stensletten, Olve Simonnes Tveit og Nikolai Strüter Vågen

Førsteklassingane kjente kvarandre tydelegvis godt etter kontakt under førskuleveka og ellers i barnehage- og skulemiljøet. Dei var livlege i klasserommet og kontaktlærer Odd steinar Arnesen måtte gå ein ekstra runde om disiplinen i den første timen. Tidlegare har vi opplevd ein høgtidsstemt, nesten andektig stemning i klasserommet under denne timen, men det var ikkje tilfellet i år.

Men alt var fint tilrettelagt. Rektor Marie Elisabeth Kaldestad var på plass og ønskte velkomen. Elevane var litt nølende då læraren spurde om dei lengta attende til skulen. Etter å ha formidla dei nødvendige praktiske opplysningane las han ei historie om to som fant opp kruttet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen